

2. I kystdistrikta på Sør- og Vestlandet: $1\frac{1}{2}$ kg. timotei, $\frac{3}{4}$ kg. engsvingel, $\frac{3}{4}$ kg. hundgras og $\frac{3}{4}$ kg. kløver pr. mål.
 3. Nordantjells, serleg i kystdistrikta og der overvintringa er usikker: 3,0 kg. timotei pr. mål.
 4. I Nord-Noreg: 3,0 kg. timotei eller 4,0 kg. engrevehale pr. mål.
- På rålendt myr i dårlig kultur: 4,0 kg. engrevehale pr. mål.
 På sandkøyrd myr (serleg mosemyr): 2—2,5 kg. timotei og 1 kg. kløver pr. mål.

Desse blandingane er sjølv sagt ikkje uppskrifter som ein utan kritikk kann fylgja under ulike tilhøve i dei ymse landsdelar. Desse resultatata er vel for få og usikre til å setja upp slike. Ei rettleiding torer dei likevel vera, og det er dette dei er meint til.

VERTILHØVA M. V. DET NORSKE MYRSELSKAPS FORSØKSSTASJON PÅ MÆRESMYRA 1928.

Av forsøksleidar *Hans Hagerup*.

I tab. 1 er framstilt nedburden for kvar maanad i aaret. Av denne vil gaa fram at januar til og med mai har havt mykje under normal nedburd. Det var lite snø denne vinteren. I januar og februar var det eit ca. 20 cm. tjukkt snølag, i slutten av mars var snølaget brote, og 8. april var det heilt berre ved Forsøksstasjonen.

I tida juni—september er det berre august maanad som har havt under normal nedburd, dei andre har havt over normalt, og juli maanad ligg serleg mykje over. Men tek ein veksttida mai—september, ligg nedburden ikkje stort over den normale i den tida. Dei siste 3 maanader av aaret har havt aa segja normal nedburd, november ligg daa noko under. Og ser ein paa nedburden samla for heile aaret, er den langt under det normale, med 626,6 mm. eller 114,4 mm. mindre enn normalt.

Berging a høy og korn var svert vanskeleg. Serleg var slaatten i juli tung, regn mesteparten av dagarne i maanaden. Det same er og tilfellet i september. Regnmengda har ikkje vore so uvanleg stor, men naar berginga likevel var vanskeleg, kjem det av at det var so mange nedburddagar og so stille og fugtig luft.

Nedburddagarne i veksttida var:

Mai	10
Juni	19
Juli	23
August	13
September	23

Sum 88 stk.

Tab. 1. *Nedburden paa Mæresmyra 1928.*

Maanad	Nedburd i m/m			Høgste nedburd		Nedburdsdagar	Snø		Merknad
	1928	Normal for Steinkjer	Skilnad +	m/m	Dato		Medel snødjup i cm.	Dagar med snødekke 4/3	
Januar . . .	50,4	77	÷ 26,6	15,6	6.	14	20	31	8. april heilt berrt. Den 30te: Hagl kl. 4 em.
Februar . . .	40,1	64	÷ 23,9	11,1	10.	9	21	29	
Mars	8,8	48	÷ 39,2	3,5	5.	6	15	31	
April	11,9	35	÷ 23,1	5,1	7.	5		1	
Mai	11,8	38	÷ 26,2	2,5	11.	10			
Juni	59,1	43	+ 16,1	16,7	25.	19			
Juli	98,5	61	+ 37,5	10,5	16.	23			
August	54,1	78	÷ 23,9	9,8	30.	13			
September . .	90,2	78	+ 12,2	14,7	19.	23			
Oktober . . .	78,4	78	+ 0,4	21,2	29.	17			
November . . .	60,7	76	÷ 15,3	19,4	14.	16	2,6	5	
Desember . . .	62,6	64	÷ 1,4	9,5	2.	19		6	
Heile aaret . .	626,6	740	÷ 113,4			174			
Mai—sept. . .	313,7	298	313,7			88			

August har havt 13 nedburddagar, og høyet kom i denne maanad so nokonlunde bra i hus, men god høyturk var det ikkje. Kornberginga i september vart heller ikkje god.

I tab. 2 er resultatet av temperatur- og nedburdmaalingane for vekstida mai—september framstilt i bolkar paa 5 (6) dagar. Det vil av denne gaa fram, at det har vore eit stort minus paa varme i samanlikning med det normale. Normaltemperaturen er for desse maanader 11,4° C., men i 1928 er medeltemperaturen 9,7° C., eller 1,7° mindre enn normalen. Juli maanad, som vanleg har høgste temperatur og varmesum, har dette aaret havt ein varmesum paa 355, august 369. Heile vekstida har havt 259 mindre varmesum enn normalt, somer 1741.

Med den laage varme som var gjennom heile sumaren (høgste temperatur var 19,9° C. i midten av august), var det rimeleg at detvart mange frostnæter.

Talet paa desse var:

Mai	15 stk.
Juni	3 »
Juli	1 »
August	4 »
September	9 »

Sum 32 frostnæter.

(Temp. maalt 2 m. over jorda).

Tab. 2. Temperatur og nedbør paa Mæresmyra sumaren 1928.

Samanstillta i bolkar paa 5 dagar.

Bolk	Lufttemperatur i C°.						Varmesum	Frostnæter				Nedbør		
	Min.	Kl. 8 fm.	Kl. 2 em.	Kl. 8 em.	Maks.	Medel		Dagar med		Laagste min.		m/m	Dagar	
								uuder 0° C	uuder -2° C.	tempe- ratur	Dato			
Mai	1.—5.	0,2	13,8	18,4	12,0	18,7	11,0	55,0	4	3	÷ 2,5	3.	—	—
	6.—10.	2,3	6,0	8,0	3,0	9,6	3,7	18,5	4	4	÷ 7,0	10.	2,0	4
	11.—15.	0,9	8,1	12,8	8,1	14,3	7,0	35,0	3	2	÷ 5,0	12.	2,7	2
	16.—20.	3,3	9,2	11,2	8,3	12,8	8,0	40,0	1	0	÷ 1,5	19.	4,6	2
	21.—25.	0,6	7,8	12,4	6,2	13,1	6,8	34,0	2	1	÷ 2,0	22.	1,7	1
	26.—31.	2,3	8,8	12,9	8,4	14,4	8,1	48,5	1	1	÷ 3,5	31.	0,8	1
	Mai maanad	+ 0,5	9,0	12,6	7,7	13,8	7,45	231	15	11	÷ 7,0	10.	11,8	10
Juni	1.—5.	1,6	7,9	10,7	6,9	12,0	6,8	34,0	2	1	÷ 3,5	1.	9,8	4
	6.—10.	4,4	11,1	14,7	10,8	16,2	10,3	51,5	1	0	÷ 1,0	7.	8,7	4
	11.—15.	5,0	10,4	13,8	8,9	15,7	9,5	47,5	—	—	÷ 4,5	12.	2,8	3
	16.—20.	2,9	12,0	14,9	11,7	16,1	10,4	52,0	—	—	÷ 1,5	20.	1,7	1
	21.—25.	7,7	12,9	16,2	13,2	17,4	12,5	62,5	—	—	÷ 5,0	22.	19,2	2
	26.—30.	8,5	11,2	15,4	12,7	15,9	11,9	59,5	—	—	÷ 7,5	29.	16,9	5
	Juni maanad	5,0	10,9	14,3	10,7	15,6	10,23	307	3	1	÷ 3,5	1.	59,1	19
Juli	1.—5.	6,9	12,9	15,5	11,5	16,7	11,7	58,5	—	—	÷ 5,0	3.	14,9	3
	6.—10.	7,0	13,7	17,2	11,8	18,8	12,4	62,0	—	—	÷ 6,0	8.	16,2	2
	11.—15.	10,1	13,0	16,9	12,4	18,2	13,1	65,5	—	—	÷ 8,5	14.	12,5	4
	16.—20.	6,6	10,8	14,0	9,9	15,0	10,3	51,5	—	—	÷ 4,0	17.	30,8	5
	21.—25.	5,9	9,4	13,0	9,4	14,0	9,4	47,0	1	0	± 0,0	21.	14,9	4
	26.—31.	6,3	12,4	17,1	11,1	18,3	11,7	70,5	—	—	÷ 1,5	31.	9,2	5
	Juli maanad	7,1	12,1	15,6	11,0	16,8	11,45	355	1	0	± 0,0	21.	98,5	23
Aug.	1.—5.	5,7	11,4	15,7	11,6	16,5	11,1	55,5	1	0	÷ 0,5	5.	13,4	3
	6.—10.	5,3	11,7	15,0	11,4	15,3	10,8	54,0	1	0	± 0,0	6.	8,3	2
	11.—15.	8,4	14,7	16,9	13,8	19,4	13,5	67,5	1	0	± 0,0	13.	1,6	1
	16.—20.	9,3	15,1	18,0	14,7	19,9	14,3	71,5	—	—	÷ 4,5	18.	12,3	4
	21.—25.	4,1	16,5	18,0	10,8	19,4	12,3	61,5	—	—	÷ 1,5	25.	—	—
	26.—31.	4,2	11,1	13,7	10,4	15,7	9,8	59,0	1	1	÷ 2,0	29.	18,5	3
	Aug. maanad	6,2	13,3	16,1	12,1	17,6	11,90	369	4	1	÷ 2,0	29.	54,1	13
Sept.	1.—5.	5,2	10,2	14,1	8,9	15,3	9,6	48,0	1	0	± 0,0	3.	22,7	5
	6.—10.	4,6	10,4	15,4	10,1	16,4	10,1	50,5	1	0	÷ 1,0	8.	11,9	3
	11.—15.	1,1	7,5	15,6	7,7	16,7	8,0	40,0	2	1	÷ 2,0	14.	11,5	2
	16.—20.	3,1	8,6	13,8	8,2	15,1	8,4	42,0	1	0	÷ 1	20.	20,7	3
	21.—25.	3,3	6,5	11,0	6,1	12,8	6,7	33,5	0	0	÷ 0,5	22.	6,1	5
	26.—30.	÷ 2,3	1,9	3,9	1,0	6,3	1,2	6,0	4	4	÷ 4,5	28.	17,3	5
	Sept. maanad	2,5	7,5	12,3	7,0	13,8	7,33	220	9	5	÷ 4,5	28.	90,2	23
Okt.	1.—5.	1,5	3,9	7,9	4,2	8,6	4,4	22,0	2	2	÷ 4,5	1.	6,0	3
	6.—10.	÷ 0,1	2,2	5,5	2,1	6,8	2,4	12,0	4	3	÷ 2,5	6.	11,2	3
	11.—15.	÷ 2,3	0,4	5,4	1,6	5,9	1,3	6,5	4	3	÷ 7,0	11.	2,5	4
	Okt. 1.—15.	÷ 0,3	2,2	6,3	2,6	7,1	2,7	40,5	10	8	÷ 7	11.	19,7	10
Medel	mai—sept.	4,25	10,60	14,30	9,70	15,50	9,70	1482	32	18	—	—	313,7	88
Normal	mai—sept.	—	—	—	—	—	11,40	1741	—	—	—	—	298	—

Telemålingar paa Mæresmyra 1928.

Tab. 3.

	10. april		24. april		1. mai		10. mai		20. mai		Merknad
	Avstand til telen	Teleyukke	Avstand til telen	Teleyukke	Avstand til telen	Teleyukke	Avstand til telen	Teleyukke	Avstand til telen	Teleyukke	
Paa vollplognad (lite molda myr)	cm. 8—12	35—40	cm. 10—15	ca. 35	cm. 15—18	27—33	cm. 15—25	20—25	cm. —	—	
Paa saatidsfeltet (vollplognad)	7—10	32—38	10—15	32—36	14—16	28—32	15—18	24—30	20—24	12—15	
Udyrka grasmyr							25	ca. 15	30	0—5	
Greffefeltet (potetor)							18. mai		24. mai		
10 m. teig							25	15*	25—30	5—10	*) Laus tele.
20 »							18—20	20—24	25	10—15	
30 »							20—25	22—24	20—25	15—18	
Saatidsfelt for nepor (godt molda myr)							14. mai				
							18—22	4—8			

Ingen maanad var fri for frost, og difor var det ikkje so lite frostskaade paa aaker og rotvokstrar. Den 31. mai og 1. juni var det 2 frostnæter paa $\div 3,5^{\circ}$ C. (Nedmed jorda var det $\div 4^{\circ}$ C.). Daa fraus frøplantarne av fyrste nepesaatida, og av kaalrot. Bygg-aakrane fekk ein leid medfart, daa spirane fraus, for ein del heilt ned, so det tok lang tid fyrr aakeren kom seg att. Frosten seinka han mykje, og var orsak til ujamn mogning. Det saag ut som Maskinbygg var skadd meire enn Asplundbygg. Havre vart mindre skadd enn bygg. Erterne hadde berga godt. Paa forsøksfeltet med ulike grefteavstand, var det ganske interessant aa sjaa at grefteteigen med det høgste grunnvasstand (30 m. millom greftene) var spirane av Maskinbygg uskadde, medan dei paa 10 m. teigen var sterkt skadde. Paa same greftefelt var og sett poteter. Etter 2 frostnæter, 5. og 13. august, paa $\div 1^{\circ}$ C. og $\div 0,5^{\circ}$ C., (2 m. over jorda), viste det seg at potetgraset var mindre skadd av frosten paa feltet med 30 m. millom greftene enn paa det felt med 10 m. grefteavstand. Utan aa koma nærare inn paa dette, skal eg berre peika paa at den gamle og enno aalmenne meining er at god grefting av myr vil setja ned frostfaaren paa myra. Her har høgt grunnvasstand minka frosten. Mykje byggaks viste seg aa vera tome for korn. Orsaken til dette var frost under bløminga i juli maaned.

I tab. 3 er opført telemaalingane 1928.

Ved fyrste maalinga — 10. april — var telen paa vollplognad opptil 40 cm. tjukk. Teledaniga hadde gode vilkaar denne vinteren, med sterk frost og lite snø. Telen gjekk seint burt paa grund av kald vaar. Ved maaling 9. juni paa eit potetfelt, var det ca. 10 cm. tjukk tele, og 30 til 35 cm. ned paa telen. Og paa mosemyr (havreaaker) var det ca. 25 cm. ned paa telen og 3 til 5 cm. tjukk tele. Dei fleste stader var han daa burte. Jorda tela til 5. nov., haustplogginga maatte daa slutta.

Ogso dette aaret var det *serleg sterke* angrep av kaalflugelarva paa hovudkaal og kaalrot, ogso neporne vart angrepne. Noko skadd var alle slag, men det saag ut til aa ha gaat hardast utover Dales hybrid. Myhanklarvone (tipula) var likeeins slemme mot kaalplantorne etter utplantinga om vaaren.

I «Meddelelserne» hefte 1 1929 er innteke eit stutt oversyn vedkomande drifta ved Forsøkene 1928.

SKYLDIGE ÅRSPENGER

kan innbetales til Myrselskapets kontor i Oslo bekvemmest pr. post-anvisning.
